



**Arkivsak**

26/10728-1

**Sakshandsamar**

Mari Camilla Honningdal

**Saksgang**

Hovedutvalg for kultur, reiseliv og

frivillighet

Fylkesutvalg

**Møtedato**

27.05.2026

10.06.2026

## Årsmøte i Biblioteksentralen SA 09.06.2026

### Innstilling frå fylkesdirektøren

Innkallinga til årsmøte i Biblioteksentralen SA blir teken til orientering

### Bakgrunn og saksgang

Det er kalla inn til årsmøte i Biblioteksentralen SA 9. juni 2026. Sakspapira til årsmøte vart sende ut 27. april 2026 på plattformen Orgbrain. Orgbrain er plattformen for årsmøtet.

Saken blir lagt fram for hovudutval for kultur, reiseliv og frivillighet til uttale. Fylkesutvalet fattar endeleg vedtak i saka.

### Saksopplysningar

Biblioteksentralen er eit samvirkeføretak med dei fleste av kommunane i landet, fylkeskommunar, KS og Norsk bibliotekforeining som medlemmer og deleigarar. Ved utgangen av 2024 eigde 353 kommunar til saman 3 298 delar, 12 fylkeskommunar eigde 450 delar, KS eigde 83 delar og Norsk bibliotekforeining eigde 10 delar. All fortieneste går tilbake til utvikling av nye og betre produkt og tenester. Biblioteksentralen SA sitt formål er å støtta samfunnsoppdraget til biblioteka. Dei har levert bøker, kompetanse og tenester til alle folkebiblioteka i landet sidan 1952.

### Dagsorden på årsmøtet

1. Val av møteleder
2. Val av protokollfører
3. Val av 2 deltakarar til å underskrive protokollen
4. Oversikt over frammøtte
5. Godkjenne innkallinga
6. Godkjenne styrets årsberetning
7. Godkjenne årsregnskap
8. Val av styre med varamedlemmer
9. Val av valkomité for neste årsmøte
10. Val av revisor

11. Fastsetting av godtgjersle til styret
12. Orientering om innføring av nytt ERP-system og faktura, konkursen i Norsk Bibliotektransport AS og Biblioteksentralens situasjon nå og framover

### **Regnskap**

Biblioteksentralen konsern hadde i 2024 eit driftsresultat på 32,6 millionar kroner og eit årsresultat etter skatt på 14,6 millionar kroner. Morselskapet hadde eit negativt årsresultat på 6,4 millionar kroner. Eigenkapitalen er på om lag 272 millionar kroner. Den frie eigenkapitalen i Biblioteksentralen konsern er i 2024 på 267,8 millionar kroner, om lag uendra frå 2023. Driftsresultatet for konsernet var 32,6 millionar kroner i 2024, som òg er på nivå med 2023. Dette viser at den underliggjande drifta er stabil over tid.

### **Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar**

Det er i sakslista ikkje sette opp saker som medfører økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar for fylkeskommunen.

### **Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål**

Saka påverkar ikkje klimamålet i fylket eller FNs berekraftsmål.

### **Fylkesdirektørens vurdering**

Fylkesdirektøren si vurdering er at eigarskapet i Biblioteksentralen SA bidreg til å nå måla i Telemarksplanen og strategien for kultur og reiseliv, særleg knytt til auka lesekompetanse og gjennomføring av vidaregåande opplæring.

Vedlegg: